

SOGN OG FJORDANE TEATER PRESENTERER



# EVIG UNG

MUSIKALSK KOMEDIE

# EVIG UNG

## PREMIÈRE

### FØRDE, TEATERSALEN

10. februar kl 19:00

Det er ei glede å invitere deg med på feiringa av Sogn og Fjordane Teater sitt 40-årsjubileum med framsyninga *Evig Ung*.

Handlinga i *Evig Ung* spelar seg ut ein gong i framtida. Sogn og Fjordane Teater er lagt ned og gjort om til ein gamleheim for avdanka skodespelarar, men desse nektar å la alderdommen stå i vegen for livsgleda. Gamleheimen vert styrt med jarnhand av den infame pleiaren, og dei eldre må leve med både nedlatande behandling og overformynderi. Så fort pleiaren snur ryggen til, vaknar dei aldrande skodespelarane til liv og let songen, leiken og låtten bryte laus!

Dette stykket har gått sin sigersgang over heile Europa, og har begeistra fleire hundretusen publikummarar. I vår eigen versjon av *Evig Ung* er det Sogn og Fjordane Teater si historie, tidlegare framsyningar og lokale forhold som står i fokus. Difor får lokale, folkekjære songar også ein viktig plass, saman med kjende pop- og rockelåtar frå dei siste femti åra. Her vert du servert evigrøne songar som «You Can Leave Your Hat On», «I Love Rock 'N Roll», «Stayin' Alive» og «I Got You Babe», slik du aldri før har høyrte dei.

Sjølv om *Evig Ung* er eit stykke fullt av lått og morosame, absurde situasjonar, ligg det også eit alvor under overflata. Det handlar om korleis vi oppfører oss i møte med våre eldre, og korleis vi sjølve ønskjer å bli behandla når vi vert gamle. Men kanskje handlar det mest om kor viktig songen, det å høyre til og livsgleda er for oss alle, uansett alder!

Velkomen til eit musikalsk fyrverkeri av ei framsyning!

## BILLETTAR

[softeater.no/billetter](http://softeater.no/billetter)

# TURNÉ

### FØRDE, TEATERSALEN

11. februar kl 18:00

### ASKVOLL IDRETTSHALL

15. februar kl 19:00

### DALE, FJALERHALLEN

16. februar kl 19:00

### HØYANGER SAMFUNNSHUS

17. februar kl 19:00

### FLORA SAMFUNNSHUS

18. februar kl 18:00

### SOLUND, IDRETTSBYGG HARDBAKKE

21. februar kl 18:00

### KNARVIK, NORDHORDLANDSHALLEN

22. februar kl 19:00

### BERGEN, HORDALAND TEATER, LOGEN

23. februar kl 19:00

### BERGEN, HORDALAND TEATER, LOGEN

24. februar kl 19:00

### BERGEN, HORDALAND TEATER, LOGEN

25. februar kl 14:00

### BERGEN, HORDALAND TEATER, LOGEN

25. februar kl 18:00

### STRYN KULTURHUS

28. februar kl 19:00

### SANDANE, TRIVSELSHAGEN

1. mars kl 19:00

### MÅLØY, NORDFJORDHALLEN

2. mars kl 19:00

### NORDFJORDEID, OPERAHUSET

3. mars kl 19:00

### FØRDE, STORSALEN

4. mars kl 18:00 *Festframsyning*

### ØVRE ÅRDAL SAMFUNNSHUS

7. mars kl 19:00

### AURLAND IDRETT- OG SAMFUNNSHUS

8. mars kl 19:00

### SOGNDAL KULTURHUS

9. mars kl 19:00

### VIK, BLIXHALLI

10. mars kl 19:00

### BALESTRAND, BELEHALLI

11. mars kl 18:00

AV  
**ERIK GEDEON**

OMSETJING  
**MARIT TUSVIK**

REGI  
**HILDE SOL ERDAL**

SCENOGRAFI/KOSTYMEDESIGN  
**ÅSE HEGRENES**

MASKE  
**HELENA ANDERSSON**

MEDVERKANDE  
**CLAUS SELLEVOLL**  
**ELISABETH MOBERG**  
**HARALD DAHLSTRØM**  
**IDUN LOSNEGÅRD**  
**ODA ALISØY**  
**SIGURD SELE**  
**STIG-WERNER MOE**

LYSDESIGN  
**KRYSTIAN MYSKA**


TEATERFORLAG COLOMBINE



Claus Sellevoll



Elisabeth Moberg



Harald Dahlstrøm



Idun Losnegård



Oda Alisøy




Sigurd Sele



Stig-Werner Moe

# TEATERÅRET 2017



## PRIVATTIMEN

Eit grotesk og absurd skråblikk på skulesystemet frå Eugene Ionesco – ein av dei fremste dramatikarane innan absurd teater. I denne tankevekkjande og humørfylte einaktaren møter du ein ung, naiv elev og professoren som skal hjelpe henne til å ta «den universelle doktorgrad» på tre veker!  
Première 10. mars.



## EVENTYRROMMET

I ei tid der bøker konkurrerer med nettbrettet om merksemda til borna våre, slår vi eit slag for den gode, gamle eventyrstunda. I det magiske Eventyrrommet kjem fleire av våre mest kjende og kjære eventyr til liv gjennom teateret sine dyktige skodespelarar.  
Følg med på våre Facebook- og nettsider for informasjon om komande eventyrstunder!



## FUGLETRIBUNALET

Psykologisk thriller om Allis, kvinna som flyktar frå ein offentleg skandale til ein dramatisk, ny kvardag i ein avsidesliggjande vestlandsfjord. Dramatiseringa av den prisvinnande romanen Fugletribunalet, skriven av Agnes Ravatn, kjem endeleg heim til Vestlandet.  
Première 1. september.

## INVASJON!

## INVASJON!

Kven og kva er Albukasem? Det er spørsmålet som vert stilt i denne framsyninga, skriven av den kritikarroste svenske forfattaren Jonas Hassen Khemiri. Alvorlege tema som framandfrykt og fryktretorikk vert her iscenesette på ein leiken og morosam måte. Ei hardtslåande og aktuell oppsetjing du ikkje bør gå glipp av.  
Première 14. oktober.

FØLG OSS PÅ:



Sjå [softeater.no](http://softeater.no) for informasjon om dato og billetter

